

NORSahel



*God Jul
og godt nyttår
fra oss i
Norsahel*





ØKNING I TALET PÅ JENTER SOM FULLFØRER UNGDOMSKULEN I TAMBAGA

Jenters utdanning er svak og under press i Mali. I 2013 var andel jenter som fullførte ungdomskulen på under 10% ved Tambaga ungdomskule. Eit veldig lågt tal og hovud-grunnen til at NorSahel i 2014 valde å setje i gang med eit prosjekt for å hjelpe dei jentene som bur langt frå til skulen med å kjøpe inn sykklar etter eit klart regelverk(utforma saman med skule-leiing og kommune i Tambaga). Vi har til no bidrege med over 230 sykklar for å hjelpe ungdomskulejenter i Tambaga-området til skulen.

I den offisielle skulestatestatikken for Tambaga Ungdomskule i 2017 ser vi no gledelege resultat! Andel jenter som fullfører ungdomskulen er gått tydeleg opp, frå under 10%(i 2013) til no nærmare 30 % i 2017. Sykkelprosjekt har, ifølge skuleleiinga sjølve, bidrege betydeleg til dette. Og dette var og er hovudmålet med dette prosjektet.

I 2016 byrja vi også med sykkelprosjektet i Kokofata(nabokommune med over 25 000 innbyggjarar) Dei hadde lenge bedt om å få tilsvarande prosjekt som Tambaga. I år og i fjor har vi klart å bidra med 70 sykklar i Kokofata. Andelen jenter som fullførte ungdomskulen i Kokofata var i 2016 berre på 6% og det er alarmerande svake tal. Så her må vi prøve å bidra til betre tal og økning! . I oktober i år kjøpte vi inn 60 nye sykklar fordelt på Tambaga og Kokofata og vi ynskjer å doble dette talet i nær framtid.

Forskerar og ekspertar er einige om at jenters skulegang har stor innverknad på eit lands økonomi og utvikling.



GI EN HBB BAG. HJELP Å
BEKJEMPE
SPEDBARNSDØDELIGHET I MALI

VIPPS 900 kr. til 15556 MERK HBBdukke



GI EN SYKKEL. HJELP JENTER I
MALI Å FULLFØRE
UNGDOMSSKOLEN

VIPPS 600 KR. TIL 1556 MERK SYKKEL.

Trygghet for ditt bidrag

Dette er slagordet til Innsamlingskontrollen som NorSahel er stolt medlem av, nettopp for å sikre ditt bidrag. Årets julekampanje frå Innsamlingskontrollen er:
Bruk hjertet og hodet når du gir. Personar som gir har også rett til å angre!

Les meir på: www.innsamlingskontrollen.no



Trygghet for ditt bidrag.

NORSahel



NORSAHEL HAR INNGÅTT AVTALE MED UNICEF OM NYFØDTPROSJEKT I MALI


I oktober undertekna NorSahel i Mali ei avtale med Unicef Mali om samarbeid i den sørlege regionen i Mali, Sikasso. Dette er den største regionen i Mali med eit folketal på over 3 millionar. Unicef har arbeidd lenge i denne regionen og har i seinare tid hatt spesielt fokus på nyfødde. Unicef er store i Mali og ynskjer å vere det framover også, til tross for krisa Mali be finn seg i. I ein periode har vi hatt samtaler med Unicef då dei også såg med interesse på vårt arbeid med HBB (Helping Babies Breathe) i Koulikoro regionen og Kati distriktet. Dei inviterte oss i mai i år med i den nasjonale nyfødt komité i Mali, som også omfattar maliske myndigheiter og dei største eksterne aktørar som arbeider innan helse (WHO, US Aida etc.). Dette var ein milepæl for NorSahel.

Unicef såg også med interesse på både metoden vi nytta og verktøyet vi brukar, spesielt dette med video-opplæring og fann at dei i eit samarbeid med NorSahel ville bruke dette i helsesentre og sjukehus i Sikasso. NorSahel har i denne prosessen også vore i kontakt med Kavlifondet, ettersom dei har finansiert og vore viktigaste partner for prosjektet HBB og også finansiert utviklinga av video-opplæring (mikrofilm). Kavlifondet var positiv til eit samarbeid og støtta det!

Denne avtalen inneberer mellom anna at Unicef brukar våre Master Trainer innan den oppdaterte metoden HBB 2, dei vil nytte vårt didaktiske materiale og våre mikrofilm. Vi er svært nøgd med dette samarbeidet som starta opp no 12 desember med opplæring ved helsesentre i Sikasso. Dette betyr igjen at vi i NorSahel no bidreg både direkte og indirekte til at fleire jordmødrer og helsestasjonar kan Til slutt må nemnast at Unicef for NorSahel er ein god partner, ettersom vi har mykje av dei same strategiane inn mot samarbeid med myndigheitene og involvering av desse. Båe organisasjonar har ein tydeleg forankring i hos maliske myndigheiter og samarbeider tett med desse i gjennomføringa av prosjekt.

NorSahel introduserer ny APP i Mali

I samarbeid med ekspertgruppa og Stavanger Universitetssjukehus(SUS) arbeider no NorSahel med å utvikle ein APP som skal gjere det enklare for helsesentre og jordmødrer å rapportere fødsler til sentrale myndigheiter. Denne APPen er utvikla av Olav Mikkjel Eielsen, halvt Nissedøl og medlem av ekspertgruppa, og personar knyta til SUS. APPen blei presentert for maliske doktorar og helseleiarar under eit seminar i Dakar i september, og dei var svært engasjerte rundt denne metoden og ynskjer å teste den ut så raskt som råd. Denne APP kan også være til stor hjelp for helsemyndigheitene i deira arbeid med å samle inn data frå dei ulike helsesentre og fødestuer som er spreidde i eit stort området i Kavlifondet har allereie gitt ekstramidlar til at denne APP kan testast ut som ein pilot og NorSahel har utarbeida ein plan for dette i Mali.



NorSahel har mottatt ny ekstrabevilgning fra Kavlifondet

NorSahel har mottatt ny ekstrabevilgning fra Kavlifondet. NorSahel fikk i oktober i år en ekstrabevilgning fra Kavlifondet, det er den andre ekstrabevilgning NorSahel får fra Kavlifondet i 2017. Dette er i tillegg til den to-årige avtalen prosjektet Helping Babies Breathe undertegnet med Kavlifondet i 2016. Disse ekstrabevilgningene går begge inn i prosjektet nyfødt og er øremerket utarbeidelse av video-opplæring, utprøving av APP (se over), forskning i Mali og flere opplæringer i Mali. NorSahel er svært takknemlig for den tilliten som Kavlifondet viser oss og har med denne ekstrastøtten kunne utvide og styrke arbeidet i Mali.



Du kjøper. Du gir.

NORSahel 
SPRE KUNNSKAP - GI LIV